

ÅRSBERETNING FRÅ STYRET 2016

Verksemd.

Selskapet si verksemd er å arbeide for betre vegkommunikasjon i Nordhordland og mot Bergen. Verksemda har sitt kontor i Knarvik i Lindås kommune.

Utvikling, resultat og stilling.

Selskapet har hatt sine inntekter i 2016 frå eigarane Nordhordland Utviklingselskap IKS (Regionrådet Nordhordland), Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune.

Styret meiner den framlagde resultatrekneskapen med balanse og notar gjev eit korrekt bilet av drifta i 2016, og av status ved årsskiftet. Styret kjenner ikkje til tilhøve etter årsskiftet som ville ha påverka rekneskapen pr. avslutningsdato.

Etter eit positivt fylkestingsvedtak i juni 2015 vart søknaden sendt vidare til Vegdirektoratet for deira arbeid med førebuing av Stortingsproposisjon. Nordhordlandspakken har vore gjennom KS2 i 2016, men direktoratet har dessverre ikkje sendt den vidare til departementet og Storting i løpet av året. Styret har jobba aktivt med Statens vegvesen for å få fortgang på saka.

Framleis drift.

Føresetnad om framleis drift, gitt meir driftsmidlar frå eigarane, er etter styret si meining til stades og er lagt til grunn for årsrekneskapen.


Arbeidsmiljø og likestilling.

Selskapet har i 2016 ikkje hatt fast tilsette. I styret er det tre menn og to kvinner.


Klima og miljø.


Selskapet rettar seg etter dei offentlege pålegg som gjeld, og styret kan ikkje sjå at ein påverkar klima og det ytre miljø på skadeleg eller ulovleg vis.


Knarvik, 11. mai 2017


Jon Askeland
Styreleiar


Ingmar Ljones
Styremedlem


Lasse Ståløy
(vara for Michelle Williams)


May Eva Sandvik
Styremedlem/nestleiar


Leidulf Brunborg
Styremedlem